

Frå Naturvernforbundet i Kvam v/ leiar Klaus Rasmussen

5610 Øystese 31. august 2020

Til Kvam kraftverk og Kvam herad

Bekymringsmelding om anleggsrutinar, bruk av massar og andre spørsmål knytt til arbeidet med Skulafossen kraftstasjon

Arbeidet med oppgradering og vøle av Skulafossen kraftstasjon er eit omfattande anleggsarbeid. Naturvernforbundet i Kvam har vore og sett på naturinngrepa og anleggsarbeidet 13. august i år. Så vidt me veit har ikkje planane for anleggsarbeidet vore lagt ut til offentleg ettersyn, men det har ikkje noko med våre spørsmål å gjera.

Me reknar med at Kvam kraftverk er ansvarleg for arbeidet. Me sender også meldinga til Kvam herad og Fylkesmannen i Vestland.

Dei viktigaste spørsmåla vår er knytt til avfallshandteringa i samband med anleggsarbeida. Heile anlegget ligg i og har avrenning til Litlefosselva der det går opp laks og sjøaure.

Gjenbruk av betong i fylling

Etter ei overflatisk synfaring er det lett å sjå at det er brukt gammal betong blanda med skoten stein i ei fylling som går over vatnet nokre meter innafor overløpsdemninga. Det er umogeleg å sjå korleis den blandinga av massar er gjort, men me reknar me det vert ei sakte avrenning frå betongen som går rett i elva.

Gjenbruk av betong i fyllingar er strengt regulert i forurensingsloven og avfallsforskriften, med siste endring frå 1. juli 2020. Når det gjeld disponering av betongavfall viser me til reglane før 1. juli 2020, som finst i eit faktaark frå Miljødirektoratet, oppdatert i november 2019.

Naturvernforbundet i Kvam viser til regelverket der det sett grenser for innhald i miljøgifter. I **avfallsforskrifta vert det sett som vilkår at gjenvunne betong ikkje må brukast i sjø og myrområde og leggjast minst ein meter over høgaste grunnvasstand. Ut frå dette er det sjølv sagt at gjenvunne betong ikkje kan blandast i ei fylling i vatn.**

I forskrifta vert det også sett strenge dokumentasjonskrav, krav om prøvetaking og at kommunen eller den "Miljødirektoratet bemyndiger" fører tilsyn med at reglane vert fylgde.

Sjølv om den nyaste forskrifta er frå 1. juli i år, har det vore strenge reglar for disponering av betongavfall i mange år. Det nemnde faktaarket frå Miljødirektoratet er frå 2013 med seinare presiseringar fram til november 2019. Det er også sett krav om at det skal søkjast om bruk av slikt avfall.

Spørsmålet frå Naturvernforbundet i Kvam er: Har heradet eller andre gitt løyve til dette tiltaket? Og kven har tilsynsplikt i anleggsfasen?

Plast, metall og oppsamling og sortering av avfall

I fyllingane er det mange stader synlege restar av skyteleidning med plast utapå. Det er uråd å vita kor mykje som er inne i fyllingane, men i og med at restane ligg strødd over heile anleggsområdet forventar me at det er same mengde inne i fyllingane.

Leikeins ligg det metall og skrapjern fleire stader i anleggsområdet oppe og nede. Det er sett fram ein avfallskontainer som inneheld både plastkanner og tremateriale. I eit så stort anlegg må det vera krav om kjeldesortering slik at avfallet kan takast vare på etter kvart. Det er både kostbart og tidkrevande og gå gjennom fyllingane og rydda opp i ureininga i ettertid.

Naturvernforbundet i Kvam ved Klaus Rasmussen, leiar, Oddvar Soldal, skrivar

Kopi til: Fylkesmannen i Vestland, Naturvernforbundet Hordaland



